

Saksnr. NVE:

KASSERES ETTER BRUK

201104057-77

KU/7F7

312



Gol kommune

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091, Majorstua  
0301 OSLO

Deres ref.

Vår ref.  
13/00685-21

Dato  
27.06.2013

### Melding om vedtak: Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for Hemsil 3 kraftverk i Gol og Hemsedal kommunar

Kommunestyret har behandlet saken i møte 20.06.2013 sak 27/13

#### Vedtak (omforeint)

1. Gol kommune krev OED pris i samband med utbygging av Hemsil 3
2. Gol kommune kan ikkje gå inn for utbygging om det medfører ein auke på dagens konsesjonskraftpris (13,1 øre).
3. Gol kommune meiner at NVE må pålegge E-CO energi as ei minstevannsføring i Hemsil nedstrøms Eikredammen på minimum 0,225 m<sup>3</sup>/s (225 l/s) heile året, 0,4 m<sup>3</sup>/s (400 l/s) frå mai til september og 0,1 m<sup>3</sup>/s (100 l/s) frå oktober til april. Samt at E-CO må iverksette tiltak i tråd med fagrapporten for fisk og ferskvannsbologi. Dette gjeld blant anna bygging av kunstig elveleie ved Eikredammen.
4. Gol kommune meiner NVE må påleggje E-CO energi å setje i verk tiltak som hindrer farlege situasjonar ved slepp av vatn frå Eikredammen.
5. Gol kommune meiner det må fastsetjast grenseverdier for vannstandsvariasjon i Eikredammen så ein unngår negative verknader mot estetikk, friluftsliv og fiske.
6. Gol kommune meiner det er positivt at E-CO energi as kjem med ei rekkje avbøtande tiltak i sin konsesjonssøknad og ber NVE følge opp dette i si vidare handsaming av saka.
7. Gol kommune meiner NVE må påleggje E-CO Energi AS å etablere fleire tersklar/kuplar nedstrøms Heslabrua for å auke opplevingskvaliteten av elva der ho er mest synleg.
8. Gol kommune ber NVE sjå til at vannforskriftens § 12 vert fulgt opp i den vidare handsaminga av saka.

Postadresse: Gamlevegen 4, 3550 Gol  
E-post: postmottak@gol.kommune.no  
Internett: www.gol.kommune.no

Telefon: 32 02 90 00  
Faks: 32 02 90 10

Bankgiro: 2324 05 00051  
Bankgiro skatt: 7855 05 06172  
Organisasjonsnr: 00964952612



Hallingdal

Med hilsen

Bjerg Smøttibraten

for

Jørn Magne Forland  
miljøvernrådsgjevar

Godkjent og ekspedert uten underskrift

Kopi: Fylkesmannen i Buskerud; Buskerud fylkeskommune; E-CO Energi AS

Antall vedlegg:

Arkivsak-dok. 13/00685-15  
Saksbehandler Jørn Magne Forland

Saksgang  
Utval for natur og næring  
Formannskapet  
Kommunestyret

## **HØYRING AV SØKNAD MED KONSEKVENSTUTGREIING FOR HEMSIL 3 KRAFTVERK I GOL OG HEMSEDAL KOMMUNAR**

**Saka vert avgjort av:**  
Kommunestyret

**Vedlegg:**  
Notat frå E-CO energi As vedrørande konsesjonskraftpris, av 16.05.13

### **Dokument i saka:**

1. Notat frå E-CO energi AS vedrørande konsesjonskraftpris, av 16.05.13
2. Vedlegg til kommunens høyringssvar, utarbeidd av kommunal teknisk avdeling 04.04.13
3. Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for Hemsil 3 kraftverk i Gol og Hemsedal kommunar, Buskerud. Brev frå NVE motteke 01.02.13
4. Hemsil 3 kraftverk, konsesjonssøknad og KU, E-CO dokument av 21.01.13
5. Hemsil 3. Orientering om konsekvensutgreiingar. Brev frå E-CO motteke 10.05.12
6. E-CO Energi AS. Fastsetting av konsekvensutgreiingsprogram for planlagt utbygging av Hemsil 3 kraftverk i Gol, Hemsedal og Nes kommunar. Brev frå NVE motteke 30.01.12
7. Høyringsbrev til NVE frå Gol kommune, til melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram sendt 17.10.11
8. Høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Hemsil 3 kraftverk i Hemsedal, Gol og Nes kommunar. Brev frå NVE motteke 29.08.11

### **Saksopplysningar:**

**Prossessen til no:**  
Utval for natur og næring og Formannskapet gjorde begge i møte 23.04 og 25.04 vedtak om å utsetje saka til det vart utgreidd korleis utbygginga av Hemsil 3 vil påverke

konsesjonskraftprisen frå Hemsil. Kommunane Ål, Gol og Hemsedal hadde 6.05 møte med E-CO der det vart semje om at E-CO skulle utarbeide eit notat som viser nettopp dette.

NVE har gjeve kommunane utsatt høyringsfrist til 01.07 med å komme med sine innspel til Hemsil 3 saka. 16.05.13 mottok kommunane eit notat frå E-CO energi AS som viser korleis prisen på konsesjonsskraft vert påverka av Hemsil 3 utbygginga. Prisen vil auke frå 13,11 øre per kWh til 21,1 øre per kWh. Gol har 13 677 MWh konsesjonskraft og vil då måtte betale 1 105 660 kr ekstra for konsesjonskrafta kvart år (det er ikkje tatt høyde for framtidig avskrivning).

Før denne saka vert endeleg handsama av kommunestyret vil det vere avgjerande å vite om E-CO energi er viljug til inngå ei avtale med kommunen, slik at me ikkje vert skadelidande som følgje av denne uventa prisauka i konsesjonskraft. Sjølv om kommunen er venta å få 1 400 000 kr i eigedomsskatt som følgje av utbygginga, vert no nesten heile denne inntekta spist opp av konsesjonskraftprisauka. Som «vertskapskommune» for Hemsil 3 skal ikkje Gol kommune vere grådig, men me vil også ha vår del av verdiskapinga.

#### **Attende til saksprosessen**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing (KU) frå E-CO Energi AS og har lagt dette ut på høyring fram til 15. mai 2013.

Saman med konsesjonssøknaden og KU`en er det lagt ved fagrapportar for temaene; forureining, landskap, naturmiljø, nærings – og samfunnsinteresser, naturressursar, vanntemperatur, isforhold, lokalklima, grunnvann, erosjon og sedimenttransport, skred, geofaglige forhold, hydrologi, kulturmiljø, fisk og ferskvannsbiologi. Det er Norconsult som har utarbeidd alle fagrapportane med unntak av dei to sistenemnte. Kulturmiljørapporten er utarbeidd av Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) medan Universitetet i Oslo v/ Naturhistorisk museum har laga rapporten for fisk og ferskvannsbiologi.

Gol kommune sendte 17.10.11 eit administrativt innspel til NVE til kva konsekvensutgreiingsprogrammet burde omfatte, sett med faglige briller. Det var fyrst og fremst tema som omfattar kommunalteknisk avdeling sine forvaltning og driftsoppgåver. Men, også landbruk, natur, landskap og arealdisponering vart nemnt i kommunens høyringsbrev.

#### Sammendrag av konsesjonssøknaden:

E-CO Energi as har planar om å utvide kraftverket Hemsil 2 i Gol kommune med ett aggregat til, kalt Hemsil 3. Det var i meldinga presentert 2 alternativ. Alternativ 1 hadde inntak saman med inntaket til Hemsil 2 i Eikredammen og utløp nedstrøms Hallifossen i Nes kommune, medan alternativ 2 hadde inntak på same stad og utløpet like ved dagens utløp for Hemsil 2 på Gol. E-CO har på grunn av tekniske, økonomiske og miljømessige årsaker beslutta ikkje å omsøkje alternativ 1.

Alternativ 2 vert no heretter omtala som Hemsil 3 kraftverk. E-CO ynskjer som nevnt å utvide kraftverket Hemsil 2 for å betre utnytte vatnet i Hemsil. Slukeevna vert auka og falltapet redusert slik at man ved relativt små inngrep vil kunne få ein mykje betre utnytting av vatnet

i eit allereie utbygd vassdrag. Ny tunnell skal byggast i fjell parallelt med eksisterande tunnell til Hemsil 2, og kraftstasjonen vil verte liggande i fjell i tilknytning til kraftstasjonen til Hemsil 2 på Gol. Massane frå den nye tunnelen og kraftstasjonen vil verte plassert i fleire av dei gamle deponia frå Hemsil 2 utbygginga. To nye deponi vil verte etablert, eit lite ved Eliberget og eit ved Domholt.

Hemsil 2 kraftverk har ikkje hatt pålegg om slepp av minstevassføring, men det har vorte sluppe ein frivillig minstevannføring sidan 2009. Hemsil 3 er planlagt og omsøkt med ein minstevassføring på 200 l/s om sommeren og 50 l/s på vinteren. Det er ein dobling av den frivillige minstevannsføringa.

Konsekvensar for miljø og samfunn som følgje av kraftverket vil vere knytta til anleggsarbeid, deponering av masser, redusert overløp og auka minstevannføring i Hemsil.

E-CO antar at dei mest negative verknadene er knytta til redusert overløp og reduserte flomforhold i Golsjuvet der det er registrert fleire raudlista artar av moser og lav. Forholda for fisk i Eikredammen er venta å verte noko dårlegare på grunn av hyppigare vannstandsendingar som følgje av den auka slukeevna. Nedstrøms Eikredammen er det venta at forholda for fisk vil verte betre på grunn av auka i minstevassføringa.

Konsekvensar for landskapet er i størst grad knytta til ny oppfylling av dei i dag stort sett tømte tippene og til etablering av nye.

Forøvrig skriv E-CO i sin søknad at konsekvensane for dei øvrige fagtemaene er relativt små, noko som i stor grad vert begrunna med at dette allereie er eit utbygd vassdrag.

E-CO foresleg avbøtande tiltak knytta til følgjande forhold:

- Anleggsarbeid for å hindre forureining
- Utforming av deponier for å tilpasse desse til landskapet
- Flomforholda i Golsjuvet for raudlista artar
- Biotopforbetrande forhold for å legge til rette for auka fiskeproduksjon

I samband med revisjonen av konsesjonsvilkår til Hemsil-vassdraget, som pågår no, har NVE i brev av 18.10.11 skrive at krava som gjeld Eikredammen og Hemsilvassdraget nedstrøms dammen vil verte vurdert i samband med omsøkte Hemsil 3 kraftverk.

**Forhold til overordna plan:**

Ingen merknad

**Miljøkonsekvenser:**

Dette vert drøfta under punktet vurdering

**Helse-/miljø og beredskapstilhøve:**

Ikkje relevant

**Økonomiske konsekvensar:**

Dette vert drøfta under punktet vurdering

**Vurdering:**

Innspela Gol kommune hadde til melding om konsekvensutgreiingsprogram vart ivaretatt då NVE fastsatte KU-programmet i januar 2012. E-CO Energi As har saman med konsesjonssøknaden og KU'en lagt ved ei rekke fagrapportar som skal belyse dei ulike konsekvensane ei utbygging av Hemsil 3 vil føre med seg.

Sidan alternativ 1 i meldinga no ikkje lenger vert aktuelt, vert det heller ikkje naudsynt å kommentere dei høyringsinnspela kommunen hadde for det alternativet. Alle innspela kommunalteknisk avdeling gjaldt alternativ 1 og var blant anna knytta til resipientkapasiteten til Gol renseanlegg. Kommunalteknisk avdeling har utarbeida eit lite notat der dei kort kommenterer konsesjonssøknaden i høve til deira ansvarsområder. Uttala vert lagt ved som eit vedlegg til det høyringssvaret kommunestyret vedtek å sende.

Landbruksavdelinga hadde også innspel til bruk av dyrka mark til tippar på strekninga som ville verte berørt dersom alternativ 1 hadde vorte ein realitet. Fagtema natur/biologisk mangfald/fisk er utgreidd i fleire av fagrapportar og det vert fyrst og fremst peika på det spesielle livsmiljøet i Golsjuvet der fleire raudlisteartar er registrert. Artane er avhengig av flom for å overleve, og det vil no vere usikkert kor sårbare artane er for den venta reduksjonen i flomperioder som følgje av Hemsil 3 utbygginga.

Frå utbyggingsavdelinga vart det reist spørsmål med kvifor ikkje ein søknad om konsesjon også skal handsamast etter plan – og bygningslova, ikkje berre etter vassdragslovgivinga, ettersom det vert snakk om store terrenginngrep. Kommunen er kjent med at Fylkesmannen også meiner at konsesjonssaker til vassdrag også fell inn under plan – og bygningslova. I høyringsbrevet frå NVE står det at konsesjonssøknaden skal handsamast etter § 6 i vassdragsreguleringslova. Kommunen akter ikkje å gjere noko ytterlegare med dette, då usemja blant sektormyndighetene er noko som må avklarast dei imellom.

Landskap

Landskapsmessig får tiltaket liten/middels negaviv betydning. Det er påpeika i fagrapport landskap. Tippene Logga, Berget, Skredderberget vert tatt i bruk att. Ny tipp vert etablert ved Eliberget og ved Domholt. Bruk av eksisterande tippar er fornuftig då folk over tid har gjort seg kjent med dei og vorte vant med synet. Tippene Eliberget og Domholt er nye og her må utforminga av tippene ta omsyn til korleis dei kan tilpassast landskapet på best moglege måte. Tipp Domholt må i tillegg plasserast slik at den mykje brukte turstigen rundt Vindfallet vart tatt vare på, og naturtypelokaliteten i rasmarka over må ikkje øydeleggast.

Den landskapsmessige betydningen av vatn i elva Hemsil er viktig for reiseliv/ turisme. Etter utsiktsryddingsprosjektet regionrådet og fylkeskommunen iverksatte i 2010 er utsynet mot elva vesentleg betre. Med dagens regime vert det sluppe 100 l/s på sommarstid medan det kvar vinter vert sluppe 25 l/s. Det er sjølvsagt betre enn ingenting, men gjer ikkje anna enn å sikre overleving og rekruttering nær Eikredammen og den nærmaste elvestrekninga nedanfor. Fagrapport naturmiljø og landskap peiker på at vårflommene utgjer ei viktig rolle for opplevinga av vatn i elva, ikkje berre for fisk og raudlisteartar . 100 l/s der elva renn bredt

er nesten ikkje merkbart og færre flommar vil føre til lengre perioder med svært lite vatn i Hemsil.

#### Fisk og minstevannføring

Dei biotopforbetrande tiltaka E-CO har gjennomført i eigen regi, med blant anna bygging av terkslar og gytegroper vil virke avbøtande (betre gyteforhold), men er ikkje nok åleine. Som fagrapport Fisk og ferskvannsbiologi syner vil Hemsil 3 kraftverk svekke dei nedre delane av Hemsil som produksjonsområder for ørret og det vil verte mindre vanleg med stor ørret nedstrøms Eikredammen som følgje av langt mindre hyppige overløp. Men, det er også slik at færre flommar vil gje meir stabile forhold for både fisk og bunndyr. Gytegrus vil sjeldnare verte utvaska. Uansett kjem ein ikkje utanom at fiskeproduksjonen er positiv korrelert med vannføring. Større vannføring om sommeren vil også føre til redusert predasjonsfare for fisk frå mink og eventuelt fugl. Kulpar og terskelbasseng vert større og djupare og gjev meir skjul. Ei større vannføring vil også vere positiv for utøvinga av fisket på strekninga. Fagrapporten anbefalar frå et fiskeribiologisk perspektiv å inføre ein minstevannføring tilsvarande 6,1 m<sup>3</sup>/s i perioda 1. mai – 30 september, og 500 l/s i perioda 1. oktober – 31. april. Fagrapport landskap peiker på at ein minstevannføring på rundt 400-500 l/s om sommeren representerer ei grense for å oppnå ein god visuell effekt av vannsleppet, og at eit slepp under 400 l/s medfører at dagens visuelle uttrykk vert oppretthaldt.

E-CO meiner sjølv at eit slepp på 200 l/s på sommeren vil gjere at ein oppnår ein slik storleik (400-500 l/s) iallefall nedstrøms Vola som kjem inn ved Gladhus ca. 4.4 km nedstrøms Eikredammen. Mellom Gladhus og Eikredammen går riksveg 52 like inntil elva og utsikten er god. E-CO meiner at deira biotopforbetrande tiltak på denne strekninga saman med deira forslag til minstevannføring vil gje ei akseptabel oppleving av landskapet. Strekninga frå Gladhus og vidare nedover mot Robru og Gol verte meir eller mindre skjult ettersom landskapet endrar karakter. Administrasjonen er einig i at det er av varierende grad korleis vatnet i Hemsil påverkar opplevinga av landskapet. Men, administrasjonen meiner likevel at oppstykinga av elvestrekningane i eit heilskapleg perspektiv verkar noko kunstig. For fisken og fiskeinteressene er det avgjerande med ei levedyktig elv med gode produksjonsmoglegheiter. Det er stor skilnad frå 200 l/s og opp til fagrapport Fisk og ferskvannsbiologi sin anbefaling på 6,1 m<sup>3</sup>/s. Det heile har ei økonomisk side. Slepp av vatn gjev tap i produksjon og kraftinntekter til regulanten.

NVE bør i si handsaming også sjå på uttala til Nedre Hemsil fiskeforening.

#### Hemsil 3 i høve til revisjon av konsesjonsvilkåra for Hemsilreguleringa

Då Gol kommune saman med Hemsedal og Ål kommunar sendte inn krav om revisjonsvilkår for Hemsil-vassdraget i 2007 gjaldt følgjande krav Eikredammen og Hemsilvassdraget nedstrøms dammen:

- Krav om minstevannføring (ikkje tallfesta jf. V-notat 9/98)
- Krav om fiskeribiologiske undersøkingar i Hemsilvassdraget
- Krav om etablering av terskler i Hemsil nedstrøms Eikredammen
- Krav om å etablere kunstig elveløp/ fisketrapp ved Eikredammen
- Krav om manøvreringsreglement på Eikredammen
- Krav om tiltak som hindrer farlege situasjonar som oppstår i samband med slepp av vatn frå Eikredammen

- Krav om standardkrav for naturforvaltning vert innført

#### Krav om minstevannføring:

Administrasjonen meiner 200 l/s i minstevannføring sommarstid utifrå fiskeomsyn og landskapsmessige omsyn er for lågt og vil anbefale at NVE som ei minimum vurderer alminnelig lavvannføring, tilsvarande 0.7 m<sup>3</sup>/s i snitt heile året (1 m<sup>3</sup>/s fra mai til september og 0,5 m<sup>3</sup>/s fra oktober til april). Norconsult peiker i sin rapport at 0.7 m<sup>3</sup>/s heile året er minst negativt.

#### Krav om fiskeribiologiske undersøkingar i Hemsilvassdraget:

E-CO har, i samband med Hemsil 3 kraftverk, hausten 2012 gjennomført undersøkingar i Hemsilvassdraget ved Eikredammen og nedstrøms dammen. Det har også vorte gjennomført ei statuskartlegging i 2009, før det frivillige sleppet av vatn tok til. E-CO meiner at det per i dag ikkje er behov for ny undersøkingar. Kommunen er samd i dette og kravet bortfaller.

#### Krav om etablering av terskler i Hemsil nedstrøms Eikredammen:

E-CO har på eget initiativ etablert fleire tersklar frå strekninga Eikredammen – Robru. Dette har skjedd i perioda 2008 – 2010. I tillegg har regulanten foretatt endringer i bunnssubstratet, gravd ut kulper for å gje betre overleving om vinteren, fjerna masse frå elvestrengen og lagt ut gytegrus. Kommunen meiner at tiltaka E-CO energi har gjennomført er tilfredsstillande og kravet bortfaller. Fagrapporten for fisk og ferskvannsbiologi meiner å sjå ei positiv utvikling i reproduksjonen hos ørret, pga betre gyteforhold og betre habitat

#### Krav om å etablere kunstig elveløp/ fisketrapp ved Eikredammen:

Fagrapporten fisk og ferskvannsbiologi fraråder bygging av fisketrapp, men meiner at det i samband med fast minstevannføring bør etableres et flomoverløp i form av et kunstig elvelei konstruert slik at fisk kan vandre tilbake i dei periodane det er overløp, og der det også vert sluppe minstevannføring når vannstanden i Eikredammen er lågare enn damkrona. Kommunen meiner at NVE må pålegge regulanten å gjere dette tiltaket.

#### Krav om manøvreringsreglement på Eikredammen

Kommunen vil stå fast på sitt krav om at det vert fastsatt ei grense for vannstandsvariasjonar i Eikredammen, slik at man unngår dei negative virkningane mht estetikk, friluftsliv og fiske.

#### Krav om tiltak som hindrer farlege situasjonar som oppstår i samband med slepp av vatn frå Eikredammen:

Kommunen står fast på dette kravet og meiner at NVE i si handsaming av konsesjonssøknaden må pålegge regulanten tiltak som kan gjere det tryggare for både badande og fiskarar å ferdast langs elva.

#### Samfunn/næring

Gol kommune vil få anslagsvis kr 1400000 – 1700000 i eigedomsskatt som følgje av utbygginga (Eigedomsskatten er venta å verte noko større enn estimert i KU for samfunn, sjå vedlagte notat vedrørande konsesjonskraftpris) Ein reduksjon i produksjon av kraft, som følgje av ei auke i minstevannføringa, vil mest sannsynleg føre til ein reduksjon i dette beløpet. Dette skriv E-CO ingenting om. I tillegg vert det rekna ein naturressursskatt på kr 400.000. Ein skal ikkje leggje for mykje vekt på naturressursskatten då denne vert utjevna ift



overføringer frå staten. Det er ikkje nevnt noko om konsesjonskraftpris, men dette er no vorte eit eige tema og er nemnt innleiingsvis.

Dei største samfunnsmessige verknadane er primært knytta til sysselsettingseffekten i anleggsfasa, som vil vare i ca 2,5 år. Mange bedrifter i Hallingdal leverer tenester som er relevante i forhold til dei anleggsarbeida som skal utførast, og fleire av leverandørane til prosjektet vil med høg sannsynlegheit ha tilhold i regionen.

#### Vannforskriften

Vannforskriftens § 12 seier at det ikkje er lov å forringe ein vannforekomst, og det gjeld sjølv om denne allereie er sterkt modifisert. E-CO meiner at ei dobling i minstevannføringa vil kompensere den betydinga flommene har for livet i og rundt elva. Administrasjonen meiner at NVE må følgje opp dette i si handsaming.

#### Konklusjon:

Administrasjonen meiner at Gol kommune i sitt høyringssvar til NVE må vise kva omsyn kommunen meiner må vegast tyngst. På den eine sida er det viktig med auke i produksjon av fornybar energi, på den andre sida må kommunen ta omsyn til viktigheten vatnet representerer for fiskeinteresser/reiseliv/turisme og naturmiljø. Kommunen ynskjer Hemsil 3 utbygginga velkomen, men meiner samstundes at omsyn til fisk/landskap/naturmiljø må takast innanfor dei rammer som er gjennomførbare og økonomisk realistiske.

Minstevannsføring har økonomiske konsekvensar for regulanten, men det vil også kunne gje negative verknader for reiseliv/turisme at elva Hemsil store delar av året kun kan opplevast som ein sildrebekk. På sikt vil også dei lite tilfredsstillande produksjonsvilkåra for ørreten i elva Hemsil på strekningane eit stykke nedanfor Eikredammen føre til at fiskeinteressene gjev opp vidare sal og arbeid med å promotere nedre Hemsil som ei god ørretelv. Ivaretaking av raudlisteartar er også ei oppgåve kommunen må ta på alvor, og bekkekløfter som Golsjuvet er på raudlista for naturtyper (NiN). Difor meiner administrasjonen at det er avgjerande at det vert sluppe ei viss mengde vatn i Hemsil nedstrøms Eikredammen, og at E-CO sitt eige forslag ikkje er tilfredsstillande nok. Samstundes må dei øvrige inngrepa følgje dei omsyna som fagrapportane konkluderer med.

Temaet konsesjonskraftpris har vorte synleggjort i løpet av handsaminga av saka, takka vere godt samarbeid med Ål kommune. No har E-CO utarbeida eit notat som synleggjer dei økonomiske konsekvensane. NVE meiner at konsesjonskraftpris er eit tema som ikkje er ein del av konsesjonssøknaden og at kommunane gjennom ei privatrettsleg avtale med E-CO må komme til semje kring dette.

#### **Rådmannen si innstilling:**

Ein føresetnad for uttala frå Gol kommune er at ein kjem til ei avtale med E-CO energi AS som gjer kommunen skadeslaus mht til konsesjonskraftpris.

Gol kommune meiner E-CO Energi as i tilstrekkeleg grad har gjennomført ei grundig og breidt fagleg konsekvensutgreiing for kva bygginga av Hemsil 3 kraftverk vil føre til

for samfunn og natur i kommunen. Me finn det likevel passande å komme med nokre krav som me meiner er rimelege:

1. Gol kommune meiner at NVE må pålegge E-CO energi as ei minstevannsføring i Hemsil nedstrøms Eikredammen på minimum 0,7 m<sup>3</sup>/s heile året (**1 m<sup>3</sup>/s fra mai til september og 0,5 m<sup>3</sup>/s fra oktober til april**) samt at E-CO må iverktsetje tiltak i tråd med fagrapporten for fisk og ferskvannsbiologi. Dette gjeld blant anna bygging av kunstig elveleie ved Eikredammen.
2. Gol kommune meiner NVE må påleggje E-CO energi å setje i verk tiltak som hindrer farlege situasjonar ved slepp av vatn frå Eikredammen.
3. Gol kommune meiner at det vert satt krav om at det vert fastsatt ei grense for vannstandsvariasjonar i Eikredammen, slik at man unngår dei negative virkningane mht estetikk, friluftsliv og fiske.
4. Gol kommune meiner det er positivt at E-CO energi as kjem med ei rekkje avbøtande tiltak i sin konsesjonssøknad og ber NVE følge opp dette i si vidare handsaming av saka.
5. Gol kommune ber NVE sjå til at vannforskriftens § 12 vert fulgt opp i den vidare handsaminga av saka.

Gol 20.05.13

Hege Mørk  
Rådmann

Petter Owesen  
avdelingsleiar